

Stord Venstre 2015



**Bli med på
framtidens Stord.**

VENSTRE
Folk først.





Eit moderne grønt Stord.

Venstre vil gjera Stord til eit grønt og moderne samfunn. Me vil utvikla Sykkelbyen og få kommunen over på miljø- og klimavenlege løysingar. Me vil forvalta naturen og nærmiljøet vårt, mellom anna ved å skjerma våre turstiar og landbruksareal frå øydeleggjande motorvegar og ferjestø. Og ta fatt på dagens forureining.

Venstre vil:

- ✓ gjera sykkelbyen til eit heilgodt alternativ til bil
- ✓ redusera klima- og miljøforureininga i kommunen
- ✓ planlegga byutvikling slik at ein fortettar langs kollektivknutepunkt og trasear

Nye arbeidsplassar.

Det ligg i rygggrada til Vestlendingar å vere sjølvberga. I dag er me alt for einsidige i næringslivet på Stord. Det inneber at Stord må bli ein «Ja» kommune for dei som er villig til å satsa kvardagen sin på å skapa nye arbeidsplassar. Det entreprenørar ofte manglar er kapital i oppstartsfasen. Venstre vil gje dei gode ideane dei beste føresetnadane, for at du kan skapa din og andres arbeidsplass.

Venstre vil:

- ✓ oppretta eit omstillingsfond for næringsutvikling
- ✓ skapa framtidens leiarar og arbeidsplassar gjennom Ungt Entreprenørskap
- ✓ få ned sakshandsamingstida ved søk om næringsutvikling

“Stord må ta viktige grep for å førebu oss på framtida”

Geir Angeltveit
Ordførarkandidat

Ein kommune som ser framover.

Stord forandrar seg, og me møtar nye utfordringar. Venstre vil sikra eit godt lokalsamfunn ved å løysa morgondagens utfordringar i dag.

Det gjer me ved å skapa fleire og varierte arbeidsplassar. Ta ansvar for nærmiljøet og naturen vår. Og skapar gode oppvekstmiljø der me utviklar born som tar vare på seg sjølv, kvarandre, og verden rundt seg.

Venstre er eit grønt, liberalt og sosialt parti som skal byggja framtida for Stord.

Heile programmet finn du på www.Stord.Venstre.no eller kontakt tlf. 40401753



**Bli med og bygg morgondagen.
Stem Venstre.**

“Venstre vil satsa på god tid til ein trygg oppvekst”

Maria Wilhelmsen Irgens
2. kandidat

Den beste starten.

Vårt oppdrag er å sikra kvaliteten til dei yngste borgarane våre. Me vil ha fokus på mangfald og variasjon, og ønskjer å tilrettelegga for meir friluftsliv og naturleik.

Bemanning er viktig for å ha nok folk på jobb, for å sjå borna. Og for reint praktisk å oppfylle pedagogiske mål.

Venstre vil:

- ✓ oppretthalda høg pedagogtettleik, og arbeida for auke til 50%.
- ✓ styrka rekrutteringa av menn
- ✓ barnehageplass i alle bydelar
- ✓ Ha eit mangfald av barnehagar, som friluftsliv-, musikk- eller idrettsbarnehagar.



Høve til å bli den dei vil.



Ein god skule for borna.

Venstre satsar på kunnskap i skulen. For læring treng ein eit læringsmiljø der læraren har tid, og elevane har gode rom. Difor vil Venstre fokusera på tid til læraren, og gode skulebygg. Alle born på Stord fortener det.

Venstre vil:

- ✓ arbeida for ei betre organisering, som gir færre elevar per lærar
- ✓ ha trygge skuleveggar, slik at borna kan gå eller sykla
- ✓ inndra vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg
- ✓ få fleire yrkesgrupper inn i skulen for å gje lærarane tid til sine kjerneoppgåver

Omsorg i alle aldrar.

Alle må få naudsynt pleie og omsorg når dei treng det. For Venstre er retten til å avgjera eigen kvardag grunnleggjande. Eldre og yngre som ønskjer å bu heime med tenester frå Stord kommune skal ha høve til det. Førebygging og rehabilitering skal prioriterast.

Venstre vil:

- ✓ satsa på sjukeheimar der det er mogeleg å differensiera brukarane
- ✓ ha ny sjukeheim ferdig i 2017
- ✓ utvida tilbodet med kommunepsykolog, som eit lågterskeltilbod
- ✓ sikra drift av skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom



Eit grønt og nyskapande Hordaland.



“Venstre vil gjera Stord til eit lerret for di livsglede”

Åge Aadland
3. Kandiart

Byen for fantastisk fritid.

For Venstre er det viktig å leggja til rette for dei som ønskjer rom til sine aktivitetar. Venstre ønskjer eit mangfald av tilbod, der vaksne og born uavhengig av personleg økonomi skal kunna ha tilgang til stimulerande kultur- og fritidstilbod. Slik vil me fremja livskvalitet, ved å ha ein by der alle skal ha tilgong på kunnskap, fysisk fostring, spel, sport og leik.

Friluftsliv i reint nærmiljø.

Friluftsliv er helsefremmande og gir gode opplevingar for den einskilde. Venstre vil sikra kommunen sine friluftsområde, og stimulera til eit allsidig og kjekt aktivitetstilbod. Me vil styrka folkehelsearbeidet med vinkling mot friluftsliv og arbeida for at turstiar vert halde ved like. Bli med Venstre ut i naturen.

Lokaldemokrati.

Tillit til dei som sit ved makta er ein føresetnad for god styring av kommunen. Difor har Venstre alltid vore positive til meir innsyn, meir openheit og eit meir forståeleg lokalstyre. Me vil arbeida for ei god kommunereform i Sunnhordland, opne prosessar og møte i kommunen og lytta til innbyggjarane. Alle møte i Stord Venstre er opne for folk.

Redusera fråfallet, fleire inn i yrkesfaga.

Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste satsingsområdet for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei viktigaste kjeldene til næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som utfordringar knytta til fråfall er størst i denne delen av opplæringa.

Venstre vil auka fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrka samarbeidet med det lokale næringslivet og sat-sa vidare på elevverksemder og gründerkurs.

- 1. Anne-Beth Njørheim Bømlo
- 2. Geir Kjell Andersland Bergen
- 3. Geir Angeltveit Stord
- 4. Elizabeth Erichsen Fjell
- 5. Torstein Gunnarson Voss
- 6. Ingrid Handeland Kvinnherad

Hordaland Venstre vil:

- ✓ Jobba for at alle lærlingar får læreplass
- ✓ Styrka rådgjevarane sin kompetanse og auka fokus på individuelle løp for den enkelte elev.
- ✓ Ha auka satsing på marknadsføring av yrkesfaga
- ✓ Styrka samarbeidet med det lokale næringslivet
- ✓ Auka satsing på opplæringskontor

Stord Venstres kandidatar



1. Geir Angeltveit
(f.1988) - Aslaksvikjø



2. Maria Wilhelmsen Irgens
(f. 1991) - Bjelland



3. Åge Aadland
(f. 1952) - Hystad



4. Peggy Husevik Bærøy
(f. 1946) - Vikanes



5. Odd Stuve Rommetveit
(f. 1952) - Høyland

- 6. Guro Betten**
(f. 1975), Sagvåg
- 7. Ove Steinsland**
(f. 1967), Sagvåg
- 8. Harald Nes**
(f. 1935), Haga
- 9. Malene Rosland Eldøy**
(f. 1979), Bjelland
- 10. Merete Johanne Fjellheim**
(f. 1959), Trodlaugan
- 11. Trond Hjartåker**
(f. 1970), Horneland
- 12. Knut Eide Løkhammer**
(f. 1976), Kviteluren
- 13. Tor-Johnny Agledal**
(f. 1961), Luren
- 14. Ståle Betten**
(f. 1969), Sagvåg
- 15. Sven-Erik Aarnes**
(f. 1942), Sagvåg
- 16. Jan Olav Aadland**
(f. 1967), Nedre Litlabø
- 17. Harald Kvinge**
(f. 1947), Hystad
- 18. Svein Svendsen**
(f. 1954), Leirvik
- 19. Reidar Aksnes**
(f. 1953), Furuly
- 20. Runar Bjørkvik Mæland**
(f. 1988), Litlabø
- 21. Egil Olav Kjønnbog Espeland**
(f. 1958), Valvatna
- 22. Kristine Tofte**
(f. 1970), Leirvik
- 23. Yngve Emil Melby Nykås**
(f. 1991), Hystad
- 24. Åge Johansen**
(f. 1957), Almås
- 25. Else-Berit Helle**
(f. 1947), Jensanes



Les heile vårt program og meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

www.Stord.Venstre.no

VENSTRE